# NYTT OM RUNER

## Meldingsblad om runeforskning



Nr. 1 1986

ISSN. 0801-3756

# ARBEIDET VED RUNEARKIVET, OSLO

## NYFUNN 1985

11-12 nye runegjenstandar (og 3-4 til med runeliknande teikn) vart funne under utgravinga av folkebibliotekstomta i Trondheim, midt i mellomalderbyen Nidaros. Totalt er det funne ca. 95 runegjenstander under utgravinga av tomta 1974-85. Kontaktpersonen for Trondheimsinnskriftene, i tillegg til Runearkivet i Oslo, er: Prof. Jan Ragnar Hagland, Nordisk institutt, Universitetet i Trondheim, 7055 Dragvoll, Norge. (N-nr. = museumsnummer, Universitetet i Trondheim-Museet [N(idaros)]; A-nr.= registreringsnummer i Runearkivet)

A270 (N-87523), stol av tre til strengeinstrument, 53x27-38x6-10 mm; 1275-1325. Innskrift på ei side:  **ruhta** = *rótta 'rotta' (musikkinstrument).

A271 (N-91694), eigarmerke og karvestokk (6 teljesnitt i kvar langkant), 71x18x10 mm; 1100-1125. Innskrift på to sider:  **sikmuntrasæk / þena** = Sigmundr á sekk þenna 'Sigmund eig denne sekken'.

A272 (N-93495), beinstykke, 90x25-28x8 mm; 1100-talet. Innskrift på ei side:  **isisa:isisa** ? (trylleformel?)

A273 (N-92238), trestokk, 1000x225x105 mm; 1100-talet. Runene 34-105 mm høge:  **×æukilristirunarþissar** = Auðkell risti rúnar þessar 'Audkell(?) rissa desse runene'.

A274 (N-93231), cricketkølle-forma trestykke, 183x17-35x 17 mm; 1050-1100. Runeliknande teikn: 

A275 (N-93494), glimmersteinsskive, 44x32x2 mm; 1100-talet. Innskrift på ei side:  **fþr** (del av fuþork?).

A276 (N-93649), treflis, 109x31x7 mm; 1050-1100. Runeliknande teikn: 

A277 (N-93773), trestykke, 400x43x12 mm; 1050-1100. Runeliknande teikn: 

A278 (N-93775), del av uthola tregjenstand med ornament, 120x10-36x8 mm; 1050-1100. Innskrift:  l (rune?; inga tolking).

A279 (N-93816), svær bygningsstokk, 1100-talet. Sjølve innskrifta er 260 mm lang, runene ca 60 mm høge og kraftige:  ×?? **kus:mik•merir** = (Hagland [svært uviss]:) -- Gúss(?) mik mærir(?)/merir(?) '-- Guss roser meg' eller '-- måtte -- Guss slå/dengja meg'.

A280 (N-94415), beinnål (tekstilreiskap [til nålebinding?]), 76x17(hodet)x5-6 mm; 1050-1100. Innskrift på ei side (dekor på den andre):  **ạirikr•kerþisbitu:ạ:hafi** = Eiríkr gerði spítu á hafi 'Eirik gjorde spøta/nåla på havet'.

A281 (N-94416), sidebein av ku, 156x23-29x9 mm; 1050-1100. Innskrift på ei side:  **rifraþilfaraukristnokhuast** (inga fullgod tolking). Framlegg (Hagland): Rif ráðit, far auk rist nóg hvast 'Etter at sidebeinet er tydd, far og riss kvast nok'. Framlegg til einskilde ord (Vésteinn Ólason): rif 'sidebein', rá 'seglrå', þilfar 'dekk av tiljer (på skip)', hvast 'kvast vêr'. (Merk også: kvast = 'sjukdom som kjem av at kyrne får i seg ein skarp gjenstand'.)

A282 (N-95829), beinstykke, 106x11-19x6 mm; 1000-talet. Innskrift på ei side:  **ek an ikeu u[el]** = Ek ann ekkju vel(?) 'Eg elskar enkja vel'.

A283 (N-96784), bein i to brotstykke som passar saman, 174 x30x7 mm; tidleg 1000-talet. Innskrift på to sider (ikkje sett av Runearkivet): a)  **sa:ristisaatsumarlakantakhru[-** = (Vésteinn Ólason:) Sá risti, sá át(?), sumarlangan dag; hru[-- 'Den rissa som åt (kjøtet av beinet) ein sommarlang dag; hru[--' [NB: beinet kjem ikkje frå ein vêr = hrútr]. b)  **uksiauitame** (inga tolking).

A294 (=N-94621), trestykke, 310x38x12 mm; 1050-1100. Løynruneinnskrift (defekt, kvistene til venstre delvis borte; ikkje sett av Runearkivet): × 
(Hagland:) (3)/2,1/4,(3)/1,(3)/5,(3)/5,(2)/3,(2)/5,(1)/1,(2)/(3),??
= ulfrristi?? = Ulfr risti -- 'Ulf rissa --'.